

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk

Tid:	Måndag 18.09.2023
Møtestad:	Administrasjon NoMil, Eidsmona
Til stades:	Sven Flo, Espen Sortevik og Jan Henrik Nygård Gunnvor Sunde deltok digitalt
Forfall:	Siri Sandvik
Varamedlem:	Jan Vidar Smenes
Administrasjon:	Inge Bent Arnestad Frode Denk Marianne Mardal Roset

SAK 32/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 33/23 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si
TILRÅDING
Møtebok frå førre styremøte 08.09.23 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

SAK 34/23 PERIODEREKNESKAP PR. 30. JUNI 2023

Vedlagt følger rekneskapsrapport.

Resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 1.203.558,- mot budsjett kr. 302.293,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 835.588,- mot budsjett på kr. - 3.007,-

Kommentarar:

- bokført resultat etter finans er kr. 838.595,- betre en budsjett
- inntekter på abonnementsgebyr både på hushald og næring er periodisert pr. 30.06.2023 i samsvar med berekna/budsjettert fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura pr. 30.06.2023 er bokført eller avsett i perioden
- endring i lager av avfall er ikkje vurdert

Netto positivt resultat skuldast høgre samla inntekter på 0,5 mill. mellom anna grunna gevinst ved sal av brukt renovasjonsbilar, lågare driftskostnader på 1,2 mill. mot budsjett, mens løns- og personalkostnader er 0,8 mill. over budsjett grunna ekstra overtid og lønsjustering frå 1. mai.

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 30. juni 2023 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

SAK 35/23 BUDSJETT 2024 ØKONOMIPLAN 2024 - 2027

NoMil skal etter selskapsavtalen, og som basis for god økonomistyring, ha eit budsjett og ein økonomiplan. Desse skal utarbeidast av styret og vedtakast av representantskapet i NoMil. Desse skal danne grunnlag for fastsetting av renovasjonsgebyr for komande år, som skal endeleg vedtakast av kommunestyra i dei 5 eigarkommunane.

GRUNNLAG FOR BUDSJETTARBEIDET FOR 2024:

- Rekneskap 2022 og budsjett 2023
- Basisføresetnader, løns- og prisstigning i tråd med SSB konjunkturtendensar
- Fastsetting av inntektsgrunnlaget for verksemda gjennom forskrift for renovasjonsgebyr og prisar på varer og tenester.
- Styret sine føringar til vidare utvikling og satsingsområde

BUDSJETT 2023 OG REKNESKAP 2022

Resultatet for 2022 viste eit årsresultat på kr. 17.638,- etter skattekostnader. I 2023 er det budsjettert med eit årsresultat i balanse.

BASISFØRESETNADER OG GENERELL KOSTNADSUTVIKLING

SSB sine konjunkturtendensar for 2024 legg til grunn ein lønsvekst på 4,9%, ein auke i KPI inkl. straum på 3,0% og ei auke i KPI (JAE) ekskl. straum på 3,6%.

Med desse bakgrunn i SSB sin e vurderingar, er driftsinntekter og kostnader budsjettert med ei auka på 3,5 %.

Prisstigning knytt til transport og handsaming av hushaldningsavfall er budsjettert ut frå gjeldande og forventa nye avtaler justert for ekstra avgifter og transportindeks.

Ordinære renovasjonsgebyr er budsjettert med ei auke på 5,5 % i 2024.

Dette er 2,5 % over vedteken gebyrauke i Økonomiplan 2023 – 2026 vedteken i 2022 grunna høgare forventa løns- og prisvekst.

Det er i gjennomsnitt ikkje lagt inn auka slamgebyr i 2024.

Slamgebyr for kommunane Stad, Bremanger og Gloppen som tidlegare har vore ulikt prisa, er no harmoniserte.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2024

1.0. Avfallsmottak

Budsjettframlegget for 2024 er basert på vidareføring av drifta i 2023, men korrigert for forventa reduksjon i avfallsmengde næringsavfall og nytt utsleppsløve.

Det er lagt til grunn følgjande avfallsmengder i 2024 med slik fordeling:

<u>Budsjettert avfallsmengde / år:</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>	<u>2024</u>
▪ Restavfall til forbrenning *)	7800	10600	11700	11200	10900	8500
▪ Glas- og metallemballasje	500	600	600	640	700	600
▪ Våtorganisk kompost	2300	2800	2800	2400	2300	3200
▪ Andre fraksjonar	5400	6600	6600	6600	6700	6700
	<u>16000</u>	<u>20600</u>	<u>21700</u>	<u>20840</u>	<u>20600</u>	<u>19000</u>

* Redusert mengde restavfall frå næring

1.1. Behaldarrenovasjon

Budsjettutkastet tek utgangspunkt i at NoMil vidarefører dagens ordning, og utfører all behaldarrenovasjon i eigenregi i budsjettåret.

1.2. Transport/behandling av restavfall og trevirke

Budsjettet tek utgangspunkt i gjeldande pris på levering og transport av restavfall til forbrenning. Grunna positive signal i marknaden, er det forventa ein liten prisnedgang på restavfall etter ny anbudsrunde gjeldande frå 15. februar 2024.

Prisar på levering av trevirke er redusert til faktiske prisar for 1. halvår, det er budsjettert med vidareføring av gjeldande prisar for 2. halvår.

1.3. Hytter og fritidshus

Budsjettet tek utgangspunkt i at alle kommunane har tvungen hytterrenovasjon. Etablering av leveringsordning for matavfall og plastemballasje er planlagt etablert i 2024.

1.4. Gjenbruksstasjonar

Gjenbruksstasjonar i alle kommunane er eit viktig tilbod til abonnentane og andre som leverer større avfallsmengder. Det er i utgangspunktet føresett og budsjettert med full drift på alle gjenbruksstasjonene.

2.0. Nye avtaler og anbod

- Restavfall til forbrenning frå 15.02.2024 – 31.12.2025 +1+1 år opsjon
- Trevirke til materialgjenvinning/forbrenning frå 2. halvår 2024
- 1 ny renovasjon lastebil og 1 ny tilbringar renovasjonsbilar på Nordfjordeid

3.0. Investeringar

Av større investeringar er det budsjettert med:

- kr. 3,1 mill. oppgradering/maskiner og utstyr/nye containerar hovudkontor
- kr. 0,3 mill. nytt brannvarslingsanlegg sorteringshall / sentralmottak
- kr. 1,2 mill. nye brakker/maskiner og utstyr i Purkehola
- kr. 0,2 mill. nytt lysanlegg Vedvik

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

4.0 Personalressursar og kostnader

Auka fokus på HMS/internkontroll, krav til etablering av nye rutinar og kvalitet/kontrolltiltak er prioritert i tråd med nytt utsleppsløyve frå statsforvaltaren.

I budsjettet er det derfor lagt inn ny 100% stilling som HMS/HR medarbeidar (vedtak 22/23).

Det er vidare lagt inn ny 100% stilling som kommunikasjonsmedarbeidar som vil få ansvar for informasjon og utoverretta verksemd til våre abonnentar, oppfølging av våre eigarkommunar, samt skular og barnehagar.

Det er budsjettert med ein forventa lønsvækst på 4,9 % i gjennomsnitt for alle tilsette.

5.0 Tilsette

Frå 2024 er det budsjettert med totalt 42 årsverk fordelt på 48 medarbeidarar medrekna ny sjåførlærling:

- 8,1 årsverk i administrasjonen inkl. ny HMS/HR og kommunikasjonsmedarbeidar
- 9,3 årsverk på hovudanlegget
- 13,6 årsverk i renovasjonsavdelinga Nordfjordeid
- 5,2 årsverk i renovasjonsavdeling i Florø
- 2,0 årsverk på gjenbruksstasjonen i Florø
- 2,4 årsverk på gjenbruksstasjonane i Bremanger og Vågsøy
- 1,4 årsverk på gjenbruksstasjonen i Eidsmona

6.0 Inntektsgrunnlag

Det er lagt opp til ei vidareføring av gebyrsystemet frå tidlegare med ei prisauke i renovasjonsgebyret for 2024 på 5,50 prosent.

Dette gjev følgjande budsjetterte inntekter i 2024:

INNTEKTER	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
ABONNEMENTSGEBYR	51 830 621	53 850 612	61 044 983	64 832 309
INNTÉKT LEVERING FRAKSJONAR	4 815 247	3 527 279	3 078 191	3 021 395
INNTÉKT GJENBRUKSSTASJONAR	3 977 078	4 812 320	4 175 376	4 427 506
ANDRE DRIFTSINNTÉKTER	4 316 847	5 956 053	6 182 451	3 304 975
HYTTE / FRITIDSRENOVASJON	3 958 949	5 527 526	6 693 943	7 178 965
ABONNEMENTSGEBYR NÆRING	6 914 381	7 110 736	6 808 346	8 196 231
SLAM GEBYR	7 234 000	7 875 817	9 606 822	8 561 992
Sum driftsinntekter	83 047 123	88 660 343	97 590 112	99 523 373

Budsjettet for 2024 vert lagt fram i balanse.

Høg løns- og prisvekst, og store svingingar i prisar på levering av avfall og nye stillingar har ført til 2,5% høgare renovasjonsgebyr en vedteke i økonomiplan for 2023-2026.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 18.09.2023

7.0 Økonomiplan 2024 - 2027

Det er utarbeidd ein overordna økonomiplan for 2024 - 2027, der 2024 er basisbudsjettet. Kostnader til fornying av maskin- og bilpark er lagt inn med like årlege beløp.

Investeringar knytt til behandlingsanlegg for våtorganisk avfall føresett etablering av nytt biogassanlegg i regionen, og er førebels ikkje lagt inn i budsjett.

Det er ikkje lagt inn nye stillingar i økonomiplan i perioden 2025 til 2027.

Det er lagt til grunn uendra eigarsamansetjing, innbyggjar- og abonnementtal i planperioden.

Avklaringar knytt til nytt utsleppsløyve kan føre til nye investeringar i bygg og anlegg etter pålegg frå statsforvaltar.

Nye investeringar i planperioden knytt til mogelege tiltak, vil bli aktivert og avskrive etter gjeldande satsar.

Det er budsjettert med 0,27 mill. i konsulentkostnader knytt til kartlegging og prosjektering av tiltak i 2024.

Det er lagt inn ei generell årleg auke på 3,0 % i perioden på inntekter og kostnader.

Vedlegg: - budsjett 2024 totaloppstilling
 - budsjett 2024 inntekts- og kostnadsart
 - budsjett kommentarar
 - økonomiplan 2024-2027

Administrerende direktør si
TILRÅDING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til Budsjett for 2024
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å endre inntekter og utgifter i driftsbudsjettet for 2024 dersom budsjettendringane ikkje fører til at netto driftsresultat vert vesentleg forverra.
3. Styret sitt framlegg til Økonomiplan 2024 - 2027

Jan Henrik Nygård fremma følgjande framlegg:

«Nomil IKS setter av kr.350.000.- i 2024 og 2025 til Fjordane friluftsråd for informasjon av skoleelever i våre kommuner om avfallshåndtering. En avtale må godkjennes av styret i Nomil IKS før effektivisering, og avtalen skal beskrive hvilken aktivitet som skal gjennomføres.. Det må og avklares juridiske betraktninger rundt tilskudd, før rep møte.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

*Nomil IKS utsetter utlysning av kommunikasjonsrådgiver til 2025, og skal da søke samarbeid med andre aktører innen avfallshåndtering.
Nomil IKS setter gebyr til 5% for 2024»*

Etter avstemming fekk framlegget 2 røyster og fall.

Etter drøftingar fremma administrerande direktør følgjande framlegg til endring:

«NoMil utset tilsetjing av kommunikasjonsmedarbeidar i 6 månader til 01.10.2024, som gjev ½ årsverk (0,5%) i innsparing i budsjettåret 2024. Nomil IKS aukar renovasjonsgebyr med 5,0% for 2024»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Styret gjorde deretter følgjande

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedteke med dei endringar styret har gjort.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 18.09.2023

SAK 36/23 RENOVASJONGEBYR FOR 2024

Gebyrforskrifta for 2024 er ei vidareføring av gjeldande gebyrforskrift.

Auka gebyr er berekna ut frå budsjett for 2024 og følgjande prosentsats justert til næraste heile krone:

- **5,5 % Samla auke i gebyrsatsane**

Styret vedtek betalingsordning for levering av avfall til gjenbruksstasjonane og til Eidsmona sentralmottak som eiga sak. Denne betalingsordninga er ikkje omfatta av denne gebyrforskrifta.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2024 med ein auke på 5,5 %, slik det går fram av forskrifta i denne saka.

Etter drøftingar i sak 35/23, gjorde styret følgjande samrøystes vedtak:

«NoMil utset tilsetjing av kommunikasjonsmedarbeidar i 6 månader til 01.10.2024, som gjev ½ årsverk (0,5%) i innsparing i budsjettåret 2024. Nomil IKS aukar renovasjonsgebyr med 5,0% for 2024»»

Styret gjorde deretter følgjande

INNSTILING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til gebyrforskrift for 2024 med ein auke på 5,0 %, slik det går fram av forskrifta i denne saka.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

GEBYRFORSKRIFT FOR NORDFJORD MILJØVERK 2024 FRAMLEGG TIL BEHANDLING I KOMMUNANE

I samsvar med Forureiningslova § 34 og Forvaltningslova § 37 gjeld følgjande abonnementsystem for Nordfjord Miljøverk frå 1.1.2024. Prisane i parentes er eks. mva.

1. STANDARDABONNEMENT

I dette abonnementet inngår fire 140 l behaldarar
Henting av våtorganisk avfall kvar 2. veke
Henting av restavfall kvar 4. veke
Henting av returpapir/plast kvar 4. veke
Henting av glas og metall kvar 12. veke

Pris pr. abonnement pr. år. **kr. 4.837,-** (3.869,60)

2. STANDARD MED FRÅDRAG - ENSLEG

I dette abonnementet inngår fire 140 l behaldarar
Husstandsstorleik 1 person
Henting av våtorganisk avfall kvar 2. veke
Henting av restavfall kvar 4. veke
Henting av returpapir/plast kvar 4. veke
Henting av glas og metall kvar 12. veke

Pris pr. abonnement pr. år **kr. 3.931,-** (3.144,80)

3. RABATTORDNINGAR

A) HEIMEKOMPOSTERING:

Krav for komposteringsrabatt på renovasjonsgebyret er godkjent varmkompostbinge som er i drift heile året og skriftleg avtale med NoMil.
Abonnentar som delar dunkar og som har felles heimekompostering, vil begge få fullt frådrag. Abonnentar som har kompostavtale kan kostnadsfritt hente ein sekk kompoststrø pr. år på næraste gjenbruksstasjon.
NoMil gjev eit tilskot til kjøp av kompostbinge på 25% av prisen, maksimum kr 750,-.

Fråtrekk for kompost, standard: **kr. 1.239,-** (991,20)

Fråtrekk for kompost, einpersonshushald **kr. 862,-** (689,60)

B) RABATT FOR DELING: **kr. 907,-** (725,60)

C) RABATT FOR ENSLIG (einpersonshushald) **kr. 907,-** (725,60)

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 18.09.2023

4. FRITIDSABONNEMENT

Dette er abonnement for fritidseigedomar som er i bruk mindre enn 4 månader pr. år. Ingen kan ha fast bustadadresse ved fritidseigedomen. Denne abonnementtypen har ikkje egne dunkar.

Det er sett ut konteinrar i alle kommunane, og abonnentane fraktar avfallet til næraste hyttekonteinrar med små innkastluker berekna ordinære bæreposar.

Gebyr er delt inn i følgjande tre kategoriar:

Kategori 1 (høg sats) 50% av standard gebyr **kr 2.419,- (1.935,20)**

Abbonenteiningar der det ikkje er fastbuande, og som oppfyller alle 3 kriteria :

- a. Innlagt straum
- b. vatn og avlaup
- c. Veg som er køyrbar heile året eller båtbyggje
(under ein km frå hytta/huset)

Kategori 2 (middels sats) 30% av standard gebyr **kr 1.451,- (1.160,80)**

Abbonenteiningar der det ikkje er fastbuande, og som ikkje fell inn under kategori 1-3-4 og som oppfyller minst 1 av kriteria i kategori 1

Kategori 3 (låg sats) 10% av standard gebyr **kr 484,- (387,20)**

Abbonenteiningar som er større enn 20m² BRA, og som ikkje oppfyller nokon av kriteria i kategori 1-2-4

Kategori 4 (fritak)

Abbonenteining mindre eller lik 20 m² BRA.

(Standardforskrifta §2 Definisjonar, 3. avsnitt)

Huseigar kan søkje om fritak for abonnenteining som står til nedfalls.

Gebyret gjev fritidsabonnentane rett til levering av hushaldningsavfall i hyttekonteinrar.

5. PRIS FOR KVAR FRAKSJON OG DUNKSTORLEIK

Abbonentar kan kombinere ulike storleikar på dunkar og fordelt på ulike fraksjonar.

Dunkstorleik og fraksjon vert då prisa slik:

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

Restavfallsbeholdar:	140 l	kr. 1.598,-	(1.278,40)
	240 l	kr. 2.195,-	(1.756,00)
	660 l	kr. 4.705,-	(3.764,00)
	1000 l	kr. 7.475,-	(5.980,00)

Henting kvar 4. veke. Større beholdarar etter nærare avtale.

Returpapirbeholdar:	140 l	kr. 1.229,-	(983,20)
	240 l	kr. 1.558,-	(1.246,40)
	660 l	kr. 2.956,-	(2.364,80)
	1000 l	kr. 4.480,-	(3.584,00)

Henting kvar 4. veke.

Større beholdarar etter nærare avtale.

Styret får fullmakt til å fastsetje prisen på større beholdarar/konteinarar.

Våtorganisk avfallsbeholdar:	140L	kr. 2.010,-	(1.608,00)
-------------------------------------	------	--------------------	------------

Henting kvar 2. veke.

(det er ikkje høve til større behaldar)

Konteinar for glas og metall:	140 L	kr. 105,-	(84,0)
--------------------------------------	-------	------------------	--------

Henting kvar 12. veke.

(det er ikkje høve til større behaldar)

6. DELING

Abonntarar kan gå saman om felles behaldarar, og dermed få redusert gebyr.

Krav for å inngå delingsavtale er at eigedomane er naboar, eller ligg innanfor rimeleg avstand (300-500 m). Hovudregelen er at dersom ein skal ha fråtrekk for kompost samstundes som ein delar, er det eit krav at begge abonnentane komposterer.

Ved deling av behaldarar kan det ikkje delast mellom så mange bueiningar at volumet vert for lite i høve til behovet. Dette vert vurdert av NoMil i kvart tilfelle.

7. ½-ÅRSABONNEMENT

For abonntarar med avgrensa bruk gjennom året, utleigehytter, campingplassar, hotell som er i bruk inntil 6 månader kvart år. Her kan det inngå behaldarar med varierende storleik som vert tømmd i ordinære henterutinar. Renovasjon skal gjennomførast halve året (mai – okt.). Pris: 50% av prisane som går fram i punkt 5.

8. FORSAMLINGSHUS

NoMil tilbyr renovasjonsordning for forsamlingshus etter nærare avtale.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

9. KJØP AV ENKELTSEKKER

Enkeltsekkar til restavfall kan kjøpast ved gjenbruksstasjonane.
Prisen pr. sekk skal dekke inn henting og behandling.

Pris for enkeltsekk:	kr. 129,-	(103,20)
Pris for 1 rull á 10 sekkar:	kr. 1.120,-	(896,00)

10. INN- OG UTLEVERING AV DUNKAR - ENDRINGAR:

Gebyr ved utlevering/henting av behaldar ved endring av abonnement,

Pris pr. behaldar (140 liter og 240 liter):	kr. 377,-	(301,60)
(660 liter og 1000 liter)	kr. 568,-	(454,40)

Det er ikkje gebyr for utlevering/henting ved start og avslutting av abonnement.

11. BETALINGSREGLAR, JUSTERING M.V.

Gebyret skal årleg vedtakast av kommunestyra i medlemskommunane.
Gebyret skal betalast frå og med fyrste heile månad etter at abonnementet er teke i bruk.

Ved nybygg skal renovasjonsgebyret betalast frå og med fyrste heile månad etter at innflytting skjer eller frå bruksløyve/ferdigattest kan gjevast.
Gebyret skal innkrevjast av NoMil og kan betalast i to terminar årleg.

Gebyret vert rekna fullt ut for husvære som vert brukt meir enn 6 månader kvart år.
Eigar av gards-/bruksnummeret er ansvarleg for abonnementet.
Fakturagebyr kr. 35,- inkl. mva vert belasta ved utsending av faktura/avtalegiro pr. post.

Ved for sein betaling vil abonnentane få tilsendt purring/ betalingsoppmoding frå eksternt innkrevjingselskap belasta med purregebyr og rente.

12. GEBYR FOR LEVERING AV AVFALL TIL NOMIL SENTRALMOTTAK

Gebyret vert fastsett av styret i NoMil på bakgrunn av vekt/volum og avfalls gruppe.
Det skal minimum vere kostnadsdekning.

13. GEBYR FOR NÆRINGSABONNEMENT

Gebyret vert fastsett av styret i NoMil på bakgrunn av dunkstorleik og fraksjon.
Det skal minimum vere kostnadsdekning.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

SAK 37/23 SLAMGEBYR FOR 2024

Kommunane Bremanger, Stad og Gloppen har hatt ulike prisar og gebyrforskrift fram til om med 2023. Nedanfor utdrag gjeldande gebyr:

UTDRAG AV SLAMGEBYR 2023		Stad	Bremanger	Gloppen
Volum	Eining	Alle prisar inkl. mva.		
TØMAST KVART 2. ÅR				
Tank 0-4,5m3	stk	1 827	1 870	2 051
Tank 4,5-10m3	m3	522	543	486
Mini-reinseanlegg 0-4,5m3	stk	1 827	3 740	4 102
Mini-reinseanlegg 4,6-10M3	m3	522	1 087	971
TØMMASKT KVART ÅR				
Tank 0-4,5m3	stk	4 346	4 488	4 923
Tank 4,6 - 10m3	m3	1 170	1 304	1 164
Fritidsabonn. kvart 4.år 0,-4,5m3	stk	919	935	1 025
<i>Prisar for naudtøming, ekstratøming mm, viser til gebyrforskrift for 2023.</i>				

Ny kontrakt frå 01.01.2024

NoMil inngjekk saman med Kinn kommune og Sunnfjord Miljøverk IKS ny avtale 25. mai 2023 med Norva24 Vest AS og NoMil.

Ulike kommunale slamgebyr fram til 2023 og nye einingsprisane i ny kontrakt frå 2024 vil gje endra gebyr for ulike tankstorleikar og tømmeffrekvensar. I 2024 vil dette føre til ulike utslag i årsgebyret i dei ulike kommunane ettersom prisane har vore ulike i Bremanger, Stad og Gloppen.

Til dømes vil prisen på storparten av abonnentane med septiktank på inntil 4,5m3 og tømning kvar andre i gjennomsnitt for kommunane få ei auke frå 1.916,- til 2.044,- pr. år. For abonnentar i Bremanger og Gloppen tilkopla minireinseanlegg, vil prisen gå ned frå 3.921,- til 2.044,- pr år.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret innstiller overfor kommunane å vedta framlegg til felles gebyrforskrift for 2024 med ei endring i samsvar med sakutgreiing og framlegg til gebyrforskrift for tømning av slam.

Styret si

INNSTILING

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

GEBYRFORSKRIFT FOR TØMING AV SLAM 2024 NORDFJORD MILJØVERK SITT FRAMLEGG TIL BEHANDLING I

- BREMANGER KOMMUNE
- STAD KOMMUNE
- GLOPPEN KOMMUNE

I samsvar med heimel «Forskrift i medhald av Lov av 13. mars 1981 nr 6 " om vern mot forureining og om avfall" (Forureiningslova) § 26, 30 og 34, 83» gjeld følgjande abonnementsystem for Nordfjord Miljøverk IKS frå 1.1.2024.

Alle satsar i gebyrforskrift for tømning av slam gjeld pr. år. Bomtur og manglande tømning grunna manglande klargjering og liknande, vert fakturert som ordinært årleg slamgebyr. Tømmekostnad for minireinseanlegg er tilsvarende ordinær septiktank.

TØMMING KVART 2. ÅR

Volum	Pris pr	Pris u.mva	Pris m.mva
Tank 0-4,5m ³	stk.	1 635,20	2 044,00
Tank 0-4,5 fellestank	stk.	1 135,20	1 419,00
Tank over 4,5m ³ - behandlingkostnad pr. m ³	m ³	322,40	403,00
- oppmøtekostnad	stk.	344,80	431,00

TØMMING KVART 4. ÅR

Fritidsabonnement 0,-4,5m ³	Stk.	817,60	1 022,00
Fritidsabonnement 0,-4,5m ³ fellestank		568,00	710,00

TØMMASKT KVART ÅR

Tank 0-4,5m ³	stk.	3 270,40	4 488,00
Tank over 4,5m ³ - behandlingkostnad pr. m ³	m ³	644,80	806,00
- oppmøtekostnad	stk.	698,40	873,00

EKSTRATØMMING

INNAN 14 DAGAR ETTER INNMELDING

Tank 0-4,5 m ³	stk.	8 560,00	10 700,00
Tank over 4,5m ³ - behandlingkostnad pr. m ³	m ³	869,60	1087,00
- oppmøtekostnad	Stk.	4 648,00	5 810,00

NAUDTØMMING

Tank 0-4,5m ³	stk.	10 920,00	13 650,00
Tank over 4,5m ³ - behandlingkostnad pr. m ³	m ³	1 132,80	1 416,00
- oppmøtekostnad	Stk.	5 822,40	7 278,00

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

SAK 38/23 PRISAR PÅ AVFALL 2024

1. BAKGRUNN

Denne saka gjeld prising av renovasjonstenester som NoMil tilbyr, og som ikkje er omfatta av gebyrforskrifta som blir vedtatt av kommunane etter innstilling frå styret i NoMil.

Det gjeld avfallsfraksjonar som vert levert direkte til anlegget i Eidsmona, gjenbruksstasjonar og renovasjonstenester for skular, institusjonar og anna næringsliv.

Prisendring på direkte levering av avfall gjeld og for hushaldning, hytter og fritidshus.

2. PRIS FOR LEVERING AV AVFALL DIREKTE i 2023

For 2023 har vi brukt desse prisane på dei største fraksjonane:

- Restavfall til forbrenning (usortert): kr. 2.661,- pr. tonn
 - Restavfall til forbrenning levert i komprimatorbil kr. 2.152,- pr. tonn
 - Våtorganisk til kompostering: kr. 3.280,- pr. tonn
- Alle prisar eks mva.*

Pris på desse fraksjonane er basert på direkte og indirekte kostnader som historisk sett er fordelte etter ein nøkkel.

Vi legg til grunn at det totalt vert handsama 18.200 tonn avfall i 2024, ein nedgang på 2400 tonn grunna mindre restavfall og trevirke frå næring:

Budsjettert avfallsmengde / år:	2020	2021	2022	2023	2024
▪ Restavfall til forbrenning	10600	11700	11200	10900	8500
▪ Glas- og metallemballasje	600	600	640	700	600
▪ Våtorganisk kompost	2800	2800	2400	2300	3100
▪ Andre fraksjonar	6600	6600	6600	6700	6000
	<u>20600</u>	<u>21700</u>	<u>20840</u>	<u>20600</u>	<u>18200</u>

3. PRISAUKE 2024:

Prisauken er berekna ut frå forventa løns- og prisstigning, faktisk kostnadsauke og investeringar. I tillegg har forventa lågare avfallsmengde ført til høgare indirekte kostnad pr. motteke tonn

For 2024 vert det lagt opp til ein prisauke på

- næringsavfall levert over vekt/direkte til hovudanlegg med vil bli justert i tråd med leveringskostnadar, og indirekte kostnader og påslag.
 - For direkte levert avfall over vekt, kjem det eit tillegg pr. tonn på offentleg forbrenningsavgift.
- hushald- og næringsavfall levert gjenbruksstasjon auka med 8,22%

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

4. PRISAR FRÅ 01.01.2024

Tabell gjeld avfall levert over vekt / direkte til hovudanlegg

PRIS NÆRING PR. TONN	Pris 2023	Prisj.%	Prisj. kr	Pris 2024	Forbr.avg	Pris eks mva
Restavfall til forbrenning usortert	2 152	17 %	367	2 519	131	2 650
Restavfall til forbrenning sortert	2 661	14 %	366	3 027	131	3 158
Våtorganisk avfall	3 280	14 %	455	3 735	0	3 735
Trevirke og hageavfall	1 516	16 %	241	1 757	0	1 757
Papir til gjenvinning	1 195	66 %	792	1 987	0	1 987
Asbesthaldig avfall	3 955	-4 %	-155	3 800	0	3 800
Gips	3 691	2 %	75	3 766	0	3 766
Isolasjon	4 317	1 %	26	4 343	0	4 343
Tau og not	4 304	15 %	650	4 954	0	4 954
Impregnert trevirke	3 124	2 %	63	3 187	0	3 187
Betong, porselen mm	3 431	5 %	187	3 618	0	3 618
Metall til gj.vinning kostnadsfritt						

5. LEVERING AV MINDRE MENGDER TIL GJENBRUKSSTASJON

Levering av avfall til Nomil sine gjenbruksstasjonar frå hushaldningar og næring er normalt betalingspliktig. Jf. avfallsforskrifta skal hushalda kostnadsfritt levere:

- Inntil 1 000 kg farleg avfall pr. år
- Inntil 500 kg pcb-haldig isolerglas pr. år
- Fritidsbåtar inntil 15 fot utan innanbords motor
- EE-avfall (vederlagsfritt også for næringslivet)

Etter fjerning av returpunkt for glas- og metall skal hushald- og fritidsabonnentar få levere glas- og metallemballasje til gjenbruksstasjonane kostnadsfritt.

Ferdig sortert metall frå hushald skal kunne leverast kostnadsfritt.

Satsane for levering til gjenbruksstasjon er uavhengige av type avfall, med unntak av farleg avfall og andre fraksjonar i lista ovanfor.

Levering av større mengder vert å betale etter satsane for den enkelte fraksjon, og berre etter særskilt avtale.

PRIS GJENBRUKSSTASJONAR	Hushaldning inkl. mva		Næring eks mva.	
	Prisauke 8,33%		Prisauke 8,33%	
	År 2023	År 2024	År 2023	År 2024
	inkl mva	inkl mva	eks mva	eks mva
Avfall inntil 1 m3	120	130	244	264
Avfall 1- 2 m3	180	195	368	396
Avfall 2- 4 m3	360	390	732	792
Avfall 4 - 6 m3	600	650	1 220	1 320

Prisane er runda av til næraste heile 5 krone for hushald.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

6. RABATTORDNINGAR

NoMil endrar rabattordninga for å stimulere næringsdrivande i alle storleikar til å kjeldesortere meir:

- Enkeltfraksjonar Ordinær pris
- 2-4 fraksjonar 10% rabatt
- Rabatt for totalkundar 15 % rabatt

Rabatt næringsavfall gjeld berre avfallspris, ikkje forbrenningsavgift.

7. TOTALVURDERING

Ut i frå ei prosentvis lik prisauke på dei fleste fraksjonar, kan det for nokon typar verte avvik grunna endra kostnader i 2024.

Det er ikkje forventa vesentleg auka kostnadar på restavfall komande år.

I NoMil utgjer hushaldningsavfallet den største delen av vårt inntektsbilde.

Gebyret for 2024 er auka med bakgrunn i normal auka i leverings- og driftskostnadar.

Prisar på næringsavfall er regulert etter til ei kvar tid gjeldande direkte og indirekte kostnadar. Næringskundar har etter avtale, høve til å inngå rabattordning.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret vedtek ei generell auke på 8,33% på levering på gjenbruksstasjon.

Prisar for næringsdrivande på direktelevering vert regulert i samsvar med saksutgreiing.

Administrerende direktør får fullmakt til å endre prisar på alle fraksjonar i samsvar med faktiske endringar i leveringsvilkår.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

SAK 39/23 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale

Samla sjukefråværet pr 31.07 2023 er 3,39 %, men slik fordeling:

- 21,4 % korttidsfråvær 1-3 dagar
- 23,9 % legemeldt fråvær 4-16 dagar
- 54,7 % legemeldt langtidsfråvær over 16 dagar

Samla fråvær og type fråvær er om lag uendra frå 30.04.2023.

Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefråvær i perioden.

- Vedlegg: Fråværsstatistikk pr 31/7 23 (unn.off)

Status drift

Auka aktivitet og stor avfallsmengde i sommarmånadane er krevjande grunna ferieavvikling. Høgt arbeidspress på operatørar, renovatørar og sjåførar som er normalt i forhold til årstida.

Rapport etter tilsyn av Statsforvaltaren

Vedlegg rapport frå inspeksjon ved NoMil IKS – sentralanlegg den 10.08.2023

- Gjennomgang av registrerte avvik

INSS Innkjøpssamarbeid

Viser til vedlagt invitasjon til deltaking i innkjøpssamarbeidet INSS.

NoMil har kjøpt tenester med Kinn kommune si innkjøpsavdeling sidan 2019/2020.

Tenesta har fungert godt og sikra god kompetanse i våre innkjøpsprosessar.

Samla årskostnad er lagt inn i budsjett for 2024.

Ny lokasjon renovasjonsavdeling Nordfjordeid

Viser til vedlagt tilbod frå O. Nord AS.

NoMil har sidan overtaking av avdelinga leigd lokale med Stad kommune.

Kommunen ynskjer no å nytte lokala sjølve, og NoMil er varsla om avslutning av

leigeavtale. Resultat etter drøfting med tilbydar vert orientert om i styremøte.

Samarbeid om utgreiing av behandlingsanlegg våtorganisk avfall

Viser til vedtak i styresak 23/23:

«Styret gjev administrasjonen fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med renovasjonsverksemdene på Sunnmøre og i Romsdalen om utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for bruk av våtorganisk avfall i regionen»

NoMil har saman med renovasjonsverksemdene på Sunnmøre og i Molde bedt om tilbod for å sjå på mogelegheita for forbehandling av matavfallet i regionen til bruk for eksempel som råstoff i biogass-produksjon.

Tilbodsfrist var 11. september 2024, resultat og informasjon vert gjeve i styremøte.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

Status biogassprosjekt

Viser til styresak 25/23.

SFE AS har etablert ei prosjektgruppe på 4-5 personar. Målsetjinga er å avklare om prosjektet gjev ein økonomi som kan forsvare investering og drift. Føreset økonomiske forsvarlege kalkyle, er planen å gjennomføre utbygging i 2025 med oppstart i 2026.

Bønder i Gloppen, Stryn og Jølster har no etabler eit selskap som skal ta i vare deira interesse mot eigarar av biogassanlegget.

I etterkant av orienteringa, ynskte styret ei orientering frå

- SFE Produksjon AS om status og framdrift for biogassprosjektet
- Gloppen Næringsorganisasjon om status knoppkytingsprosjektet

Orienteringa til styret kan vere digital, eller på neste styremøte.

Status ny gjenbruksstasjon Bremanger

NoMil har over tid vore i dialog med Bremanger kommune om etablering av ny gjenbruksstasjon i Bremanger.

Etter synfaring våren 2023 saman med kommunen og grunneigar på aktuell tomt i Skatestraumen, er ein i gang med planlegging av ny stasjon.

Driftsforholda på stasjonen Stølsborden ved Svelgen er mangelfulle utan straum, det er ikkje innlagt vatten, ikkje tilfredsstillande personalfasilitetar, og dårleg med innvendig lagringskapasitet.

Statsforvaltar har i tidlegare tilsyn sett krav om fast dekke på arealet.

Hovudverneombod har på bakgrunn av ovannemnte meld inn avvik knytt til tryggleik og ikkje akseptable arbeidsforhold for dei tilsette, og meldt krav om stenging av stasjonen frå 01.01.2024.

NoMil har over tid drøfta utfordringar ved stasjonen med kommunen, og vurdert alternativ lokalisering.

Politisk leiing og einingsleiar i Bremanger kommune er varsla om krav til stenging frå hovudverneombod i e-post den 31. august 2023.

Styret tek krav frå hovudverneombod om stenging til etterretning.

Utgreiing ny struktur gjenbruksstasjon for ytre Nordfjord

Status for gjenbruksstasjonane i kommunane Stad og Kinn:

- ✓ Gjenbruksstasjonen i Selje vert no drifta av NoMil. Stasjonen stettar ikkje dagens krav til fasilitetar og driftsforhold for våre brukarar og tilsette.
- ✓ NoMil har ei leigeavtale med MyRø AS om drift av gjenbruksstasjonen på Haugen fram til 2028. Tal besøkande er aukande og arealet avgrensar mogelegheit for auka container kapasitet og fleire fraksjonar.
- ✓ Gjenbruksstasjonen i Vedvik har behov for oppgradering både med omsyn til personalfasilitetar og areal som vert brukt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.09.2023

Begge kommunane vurderer finansiering av utbygging/oppgradering av nye stasjonar som utfordrande. I drøftingar mellom NoMil og Stad kommune i april 2023, vart dagens struktur vurdert.

- Kan det vere aktuelt å utgreie eit alternativ med ein stor og framtidretta stasjon med reisetid på 25-35 minutt til Nordfjordeid, Måløy og Selje lokalisert til dømes på Bryggja ?

Etter drøftingar i styret, ynskjer ein å drøfte framlegg til ein felles ny stasjon med Stad kommune og Kinn kommune.

Styret ber styreleiar og administrasjonen møte politisk og administrativ leiing i kommunane for å drøfte framtidig struktur i ytre Nordfjord.

Eigarskap Retura NoMil AS

Viser til vedtak i styresak 30/23 og NoMil sitt eigarskap i Retura NoMil AS er no avslutta. Orientering til styret om status og vidare planar.

NoMil har pr. dato om lag 2,15 mill. i uteståande fordringar med Retura NoMil AS. BIR Bedrift AS har stilt ein morselskapsgaranti på 300.000,- noko som ikkje dekker den månadlege auken i fordringar.

Styret ber administrasjonen krevje betalingsgaranti innan kort tid for uteståande frå ekstraordinær generalforsamling fram til dags datofør vidare mottak av avfall.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--